

MØTEINNKALLING

Utval: **FORMANNSKAPET**
Møtestad: **Formannskapssalen**
Møtedato: **03.09.2009** Tid: **08.30**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

Sak nr.	Arkivsak nr.	Tittel
104/09	09/305	Reguleringsendring for Nybø bustadområde - utlegging
105/09	09/423	Klage på vedtak - bustad/garasje - K-B.Hov/R.Sanden
106/09	09/109	Bruksendring frå forretning/lager til to bustadeiningar - Bamabygget
107/09	08/282	Utbygging ved Leikanger barneskule
108/09	09/457	Orienteringar

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Reguleringsendring for Nybø bustadområde - utlegging

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/305

Arkiv: L12 &21

Sak nr.: Utval
104/09 Formannskapet

Møtedato
03.09.2009

TILRÅDING:

I samsvar med §12–10 og 11 i Plan- og bygningslova vert private framlegg til reguleringsendring av 14.08.09 for Nybø bustadområde sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

DOKUMENT:

- K-sak 75/08
- Privat framlegg til reguleringsplan av 14.08.09 med planomtale, føresegner og kart (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Kommunestyret ga i sak 75/08 i møte 11.12.08 samtykke til at det vart fremja reguleringsendring frå trafikkareal til leikeområde/fellesareal på kommunen sin eigedom på sørsida av tilkomstvegen til bustadområdet.

Landskapsarkitekt MNAL Gyril Fimreite, Sogndal er engasjert av eigarane av dei fem einbustadene til å utarbeida reguleringsplanen.

Det er lagt ved planomtale med foto.

Reguleringsendringa er varsla med kunngjering i Sogn Avis og ved brev til alle grunneigarane i bustadområdet. Det kom inn fråsegn frå fylkesmannen og tre innspel frå grunneigarane. To av innspela er det teke omsyn til i planframlegget. Fire grunneigarar er ikkje samd i at det noverande regulererte fellesarealet mellom garasjane og vegen vert lagt til dei private tomtene. Planleggaren har kommentert dei ulike innspela.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen sluttar seg til planleggaren sine vurderingar.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Klage på vedtak - bustad/garasje - K-B.Hov/R.Sanden

Sakshandsamar: Arild Henjum
Arkivsak nr.: 09/423

Arkiv: MTR 17/263

Sak nr.: Utval
105/09 Formannskapet

Møtedato
03.09.2009

TILRÅDING:

**Formannskapet finn ikkje at dei to klagenes inneheld nye moment i saka.
Formannskapet held såleis fast på tidlegare vedtak i saka.**

DOKUMENT:

- Saksutgreiing med vedtak i sak 90/09 formannskapet.
- Klage av 01.07.09 frå Linda Mathisen/Rune Lundheim (vedlagt)
- Klage av 01.07.09 frå Henny-Kristin Asperanden Navarsete/Endre Asperanden Navarsete (vedlagt)
- Reguleringsføresegner for Lundene.

SAKSUTGREIING:

Søknad om bygging av nytt bustadhus og garasje på tomt i bustadfeltet Lundene på gnr.17 bnr.263, Lundevegen 52, har vore opp i formannskapet som sak 90/09. Formannskapet hadde først synfaring.

Naboar som misser utsikt klagar fortsatt på dette og påpeikar at det er maksimal gesimshøgde som er beskrive i reguleringsføresegner § 3.7 for Lundene.

Teknisk kontor er samd i at det er maksimal gesimshøgde på 5,5 m målt frå gjennomsnittleg ferdigplanert terreng rundt huset som gjeld, og har sett som vilkår for godkjenning at søkar teiknar om bygget slik at det er fullt ut i samsvar med reguleringsføresegnene gjeldande for feltet.

Resultatet for naboane vert ikkje endra, men det inneber at tiltakshavarane ikkje får byggja heilt det huset dei hadde tenkt.

Formannskapet skal gi fråsegn til klagenes før dei vert oversende fylkesmannen til endeleg avgjerd.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Bruksendring frå forretning/lager til to bustadeiningar - Bamabygget

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 09/109

Arkiv: MTR 24/219

Sak nr.: Utval
106/09 Formannskapet

Møtedato
03.09.2009

TILRÅDING:

Leikanger kommune gir løyve til bruksendring frå kontor til bustad for bygging av to husvære mot vest i 1.høgda.

Det er eit vilkår for bruksendringa for dei to husværa at uteområdet samstundes vert opparbeidd med leikeområde og parkering for bustadene i tråd med situasjonsplanen. Uteområdet for attverande forretning skal avskjermast mot bustad- og leikearealet.

DOKUMENT:

- Søknad av 01.07.09 med situasjonsplan (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Formannskapet var på synfaring i samband med møte 07.05.09.

Det vart då gitt fylgjande retningsliner for det vidare planarbeidet:

” *Formannskapet rår til at planutkastet vert endra på fylgjande punkt:*

- *I fellesområde parkering mot Njøsavegen skal det setjast av areal til felles leikeareal for barn. Dette området skal elles delast mellom parkering for bustadene og naudsynt parkering for butikklokalet.*
- *Arealet for Bustader 2 aust i planområdet går ut i dette planframlegget. ”*

Det er no utarbeidd situasjonsplan av 01.07.09 i tråd med formannskapet sine retningsliner. Det vert no søkt om igangsetjing med bygging av dei to husværa nærast Njøsavegen. Dei andre to skal byggjast når reguleringsplanen er ferdig og forretninga er flytta til lagerdelen.

Då situasjonsplanen no er i samsvar med formannskapet sine retningsliner har administrasjonen gitt løyve til oppstart av rivings- og byggearbeida. Det er ikkje merknader frå naboane.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Dusj- og garderobeanlegg ved Leikanger barneskule – finansiering.

Saksbehandler: Per Holen
Arkivsaksnr.: 08/282-13

Arkiv: 614 A2

TILRÅDING:

1. **Prosjektet vert sett i gang i samsvar med motteke tilbod frå Ing. Arvid Thuland AS.**
2. **Ny finansieringsplan med bruk av mva-kompensasjon, spelemidlar og lånemidlar vert vedteken.**
3. **Budsjettet vert auka med kr.1.193.000,- inkl. mva - finansiert med bruk av mva-kompensasjon og spelemidlar.**

DOKUMENT:

- K-sak 57/08, godkjenning av skisseprosjektet
- Budsjett for 2008 og 2009
- Innkomne tilbod
- Tilbodsinnstilling av 25.08.09 frå Arkitektkontoret 4B (vedlagt).

SAKSUTGREIING:

Kommunestyret vedtok i sak 57/08 i møte 23.10.08 at teikningane frå Arkitektkontoret 4B skulle leggjast til grunn for den vidare utbygginga av Leikanger barneskule.

I budsjettet for 2009 er 1.byggesteg i prosjektet lagt inn med ein kostnad på 3,0 mill.

Skisseprosjektet har vorte vidare bearbeidd og vart lyst ut på tilbod som totalentreprise. Det kom inn to tilbod:

1. Diamantsaging Sogn AS, sum 5.292.400 kr. eks. mva, byggetid 160 dagar.
2. Ing. Arvid Thuland AS, sum 3.295.000 kr. eks. mva, byggetid 110 dagar.

I samråd med erfaringstal frå arkitekten har rådmann lagt inn eit tillegg på 8% til uforutsette kostnader i byggetida.

I prosjekteringskostnader er det til no brukt 266.000 kr eks. mva. I tillegg vert det budsjettert med ytterlegare 50.000 til bruk i kontraktstingingar og i byggetida.

Det er ikkje budsjettert med kostnader til byggeleing, då det er føresett at kommunen gjer denne delen med egne tilsette.

Samla kostnader vert etter dette:

Prosjektering	kr 316 000
Tilbodssum	kr 3 295 000
Uforutsett	kr 263 000
MVA	kr 969 000
Totalt	kr 4 843 000

Som vert finansiert slik:

Bruk av lånemidlar	kr 3 174 000
mva	kr 969 000
Spelemidlar	kr 700 000
Totalt	kr 4 843 000

Prosjektet er budsjettert med oppstart/prosjektering i 2008 og med bygging i 2009.

Vurdert oppimot tidlegare budsjettert på prosjektet, vil gjennomføring av innkome tilbod krevje budsjettendring.

Budsjettendring

Opprusting av bygg	kr 824 000
Mva	kr 369 000
Investering inkl. mva	kr 1 193 000

Som vert finansiert slik:

Bruk av lånemidlar	kr (476 000)
mva	kr 969 000
Spelemidlar	kr 700 000
Totalt	kr 1 193 000

Då det føreligg regelendring i korleis meirverdiavgift frå investering skal førast i rekneskapen (innføring i 2010-2014), har ein i dette prosjektet nytta mva-kompensasjon som ein del av finansieringa.

Ein reknar og med å få spelemidlar til dette prosjektet, men kommunen vil tidlegast kunne få desse midlane i 2010 og må difor vere førebudd å forskotere denne summen.

Prosjektet er tidlegare fullfinansiert og for mykje opplånte midlar vert ståande i balansen (memoria) som unytta lånemidlar og kan nyttast til andre prosjekt.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Orienteringar

Saksbehandler: Odd Arve Rakstad
Arkivsaksnr.: 09/457-1

Arkiv:

TEMA:

1. Sentrumplassgruppa – status og vidare framdrift, orientering ved sentrumsgruppa. Vedlagde oppstilling av økonomisk i sentrumsprosjektet syner at kr.688.199,- står att til disposisjon
2. O/U-prosjektet 2009 – 2011, status ved rådmann
3. Hatlebakkane 2 (Gml sjukeheimen), orientering ved rådmann
4. Tinghus I – personalsituasjonen – orientering ved rådmann
5. Område for paintball – orientering ved nærings- og utviklingssjef
6. Kl. 11.00 – 11.30. Plan for nyetablering i Njøsavegen, orientering ved Per Steinar Melås.